



Øystein Freim frå Odda er ikkje i tvil: Uskedalselva er favorittelva. Bilete er frå Dønhaughølen.

**Øystei Freim frå Odda er ikkje i tvil: Uskedalselva er favorittelva mi. Øystein fiskar i mange elvar som til dømes Suldalslågen og Etnelva. Den beste plassen er i Uskedalen. Det har klar samanheng med at det er ei flaumelv der ein må vera på plass og fylgja med på vassmengde og endringar på kort tid. Freim har vore i Uskedalen i tre døger. Fleire av kompisane hans har kome etter.**

Det har vore gode dagar i Uskedalselva denne helga. I går, fredag 18. august, er det registert ein fangst på 14 fiskar, jevnt fordelt på laks og aure. Den største fisken har ei vekt på 5,3 kg. Berre i dag er det meldt inn ein fangst på 4 fiskar, 3 laksar og ein aure, den største vog 5 kg. Dei beste fiskeplassane er skriven inn til å vera Døssland, Haugland, Heio, Kjærland og Musland.

Øystein Freim kom til Uskedalen på torsdag og kjøpte fiskekort for tre døgn. Fyste natta budde han i hytte på Rabben. Grunna Husnes Cup og utleige, måtte han ut og valde difor å køyra mellom Odda og Uskedalen. Han likar Uskedalen og det som særkjenner elva her. Du må vera på plassen når elva stig og fylgja med på vassføringa. Berre ei god regnbye gjer at elva skiftar karakter. Det kan vera avgjerande for om du får fisk eller ikkje.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Djupeholen er ein mykje brukt fiskeplass i Uskedalselva.